



Lom



Foto: Merete Byre-Haakensen

Reglement - Samfunnsutvalet

KOMMUNESTYRET 30.11.2021

Innhald

1.	Møte og innkalling.....	3
2.	Protokoll.....	3
3.	Skolering.....	3
4.	Forholdet mellom samfunnsutvalet og administrasjonssjefen.....	3
5.	Openheit og brei involvering i prosesser.....	3

1. Møte og innkalling

Møte i samfunnsutvalet er lagt inn i møteplan som er vedteke av kommunestyret.

Innkalling til møte skal innehalde opplysning om tid og stad for møtet, sakliste og saksdokument.

Innkallinga skal som hovudregel kunngjerast med ein frist på 7 dagar (innkallingsdagen medrekna), når lova ikkje krev anna kunngjeringsfrist.

Samfunnsutvalet har høve til å halde møte som fjernmøte.

Samfunnsutvalet kan avtale ekstra møte utover møteplan, og møtekalender skal oppdaterast på heimesida.

Gyldig forfall skal meldast til utvalsleiar med kopi til postmottak.

2. Protokoll

Det skal førast protokoll frå Samfunnsutvalet i tråd med kommunelova § 11-4. Innspel til dagsorden skal fremjast skriftleg til leiar innan tre vyrkedagar.

Referat frå drøftingane skal normalt ikkje førast inn i protokollen.

Samfunnsutvalet godkjenner digitalt arkivert protokoll i neste møte.

3. Skolering

Samfunnsutvalet sine medlemmar skal i løpet av første år etter kommunestyreval delta i folkevaldoplæring.

4. Forholdet mellom samfunnsutvalet og administrasjonssjefen

Kommunelova av 2018-06-22 har eit tydeleg skilje mellom dei folkevalde og administrasjonen i kommunane. Samfunnsutvalet må protokollere dei vedtak som blir fatta og dei orienteringane dei ynskjer frå administrasjonssjefen.

5. Openheit og brei involvering i prosessar

I arbeidet innanfor sitt verkeområde skal samfunnsutvalet streve for openheit og involvering for å gjennom det skape engasjement med brei involvering i arbeidet. Dette gjeld også involvering av andre råd og utval før innstilling blir fremma for kommunestyret.

Samfunnsutvalet kan få saker til høyring frå formannskapet, som innstiller til kommunestyret.